

Rognaldsen bakeri
Thomas Larsen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 16/20674

Saksbehandlar:
Arne Helgesen
HELA@lindas.kommune.no

Dato:
02.08.2016

Svar på brev fra Rognaldsen 01.08-16

Meldinga om forureining på sjøen i Ådnevik kom inn Fredag 22.07.-16. Innringer tok kontakt på vakttelefon, eg ba han ta bilder for å dokumentere dette. I svaret du skriv, ser eg at det også har skjedd ei liknande sak 18.juni i år. I så fall har det vert to slike hendingar i løpet av ca 1. mnd.

Området innanfor Lindås Sluser er eit sær sårbart området, det er difor spesielt uheldig med forureining her. Det er jo heller ikkje bra for ryktet til bakeriet, dersom dette er noko som skjer innimellom.

Om fettutskillar er stor/god nok for denne bedriften, må kommunen få ein dokumentasjon på. Utskillarar blir berekna ut frå utstyr, type produksjon areal og utstyr som skal reingjerast. Leverandørar av utskillarar har berekningsmodellar for å finne ut kva utskillar/størrelse som er korrekt i forhold til kvar enkelt bedrift.

Det er ikkje gjort noko berekning av dette anlegget, sett i forhold til den bedriften som i dag er her. At det ikkje er noko særleg fett i utskilleren når den blir tømt, er ikkje noko dokumentasjon på at fettutskiller er stor nok, svært ofte er det slik at årsaka til lite fett ved tømning, er feil dimensjonering. For lite oppholdstid, for stor gjennomstrømning, gjer at fett går forbi fettutskillar og havner på avløpsnett.

Etter mykje leiting i arkivet har vi klart å finne eit skriv frå Sletten Hansen. Dei har i dette skrivet dokumentert størrelse og type utskiller. Type Utskillar er Odin Maskin. Type U-FE Kapasitet 6. l/sek. Med alarm for høgt nivå. art. nr. 7005. Sletten Hansen opplyser at denne utskilleren blei tatt i bruk i 1982. Denne er då ca 34 år.

På bakgrunn av desse opplysingane har vi vert i kontakt med leverandør av utskillar og stilt eit par spørsmål om dette anlegget.

1. Kor lang levetid har eit slikt anlegg ? Nye anlegg i dag har ei garantert levetid på 25 år. Gamle anlegg som dette blei lagd i galvanisert stål, og har ei antatt betydeleg kortare levetid. Problemet med de gamle av galvanisert stål er rust korrosjon som fører til lekkasje ut av utskillar



2. Kor stor fettutskillar er det normalt at ein slik type bedrift har? Leverandør antar at størrelse på utskillar, skulle vert betydeleg større enn eksisterande utskillar. Kor stor denne eventuelt skal vera, må det gjeraste ei utrekning på, ut frå utstyr, produksjon, areal som skal reingjerast osv.

Vi må i tida framover ha ein dialog om korleis denne saka blir løyst på best mogleg måte for Dykk som bedrift og for miljøet i Lindåsosane.

Ta gjerne kontakt for spørsmål.

Med helsing

Arne Helgesen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi:

Grethe Elin Mjelde
Linda Folkestad

Mottakarar:
Rognaldsen bakeri